Samarbeidsavtale
Mellom Hå kommune og Hå idrettsråd

Hå idrettsråd og Hå kommune har felles mål i å skapa eit levande lokalsamfunn der det er godt tilrettelagt for idrett og fysisk aktivitet, og folk kjenner seg heime, finn tryggleik, meining og trivsel.

.

1. Idrettsrådet sine oppgåver

Hå idrettsråd er eit samordningsorgan for idretten i Hå kommune, valt av og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idretten knytt til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), og skal arbeida etter dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar vedtekne av idrettstinget.

Hå idrettsråd er fristilt og sjølvstendig, og fungerer som eit rådgjevande organ i høve til kommunale myndigheter i saker som gjeld idretten i kommunen. Idrettsrådet skal prøva å sjå heilskapen i idrettslivet i Hå og hjelpa kommunen med å ta avgjerder til beste for all idrett i Hå.

Idrettsrådet representerer alle lag i Hå tilslutta NIF. Alle saker av felles interesse for idretten skal sendast til kommunen gjennom idrettsrådet.

Rådmannen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i Hå.

2. Samarbeidsrutiner

- Hå idrettsråd skal høyrast i samband med fordeling av kommunalt tilskot til idrettslaga; dvs. drifts- og investeringstilskot til idrettslag i Hå

- Hå idrettsråd gjer uttale om spelemiddelsøknadane kvart år, slik at kommunestyret er kjent med idrettsrådet sine prioriteringar.

- Hå idrettsråd skal høyrast i samband med kommunale planer som vedkjem idretten i Hå; t.d. rullering av kommuneplanen, kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, reguleringsplanar for idrettsanlegg, skular eller anna planlegging av aktivitetsområde for barn og unge.

Hå kommune møter fast med ein representant frå administrasjonen på alle møter i Hå idrettsråd. Saklister og referat frå Idrettsrådet sine møter vert sendt til administrasjonen og til medlemmane i Utval for opplæring og kultur i Hå til orientering. Alle kommunepolitikarar i Hå har ståande invitasjon til idrettsrådet sine møter.

3. Samarbeid mellom politisk leiing og Hå idrettsråd.
Kvart år vert politisk leiing, politikarane i utval for opplæring og kultur og representantar frå administrasjonen i Hå kommune invitert til årsmøtet i Hå idrettsråd for å drøfta vilkår og utfordringar for idretten i kommunen. Til desse møta vert og representantart frå Rogaland idrettskrets inviterte.

Når lag som høyrer inn under Hå idrettsråd søkjer støtte frå kommunen skal idrettsrådet få høve til å gje uttale/tilråding før endeleg handsaming i kommunen.

4. Endringar
Hå kommune og Hå idrettsråd kan etter samråd endra samarbeidsavtalen om det viser seg naudsynt

Varhaug, 11. mars 2014

Hå kommune

Hå idrettsråd